



## Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 09.05.2019  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10.30

| Frammøtte medlemmer       | Parti | Rolle        |
|---------------------------|-------|--------------|
| Jon Askeland              | SP    | Ordfører     |
| Jostein Borlaug           | AP    | Varaordfører |
| Anne Berit Bø Palmesen    | SP    | Medlem       |
| Kirsti Gjetle Floen       | AP    | Medlem       |
| Else Marie Skartveit Dale | KRF   | Medlem       |
| Kenneth Taule Murberg     | H     | Medlem       |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle  |
|---------------------------|-------|--------|
| Christel Villanger Håland | H     | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem              |
|--------------------------|-------|-------------------------------|
| Vidar Grindheim          | H     | Christel Villanger Håland - H |

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:  
Rådmann Jarle Landås, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

Orientering: John Fredrik Wallace frå Meland kommune og Øystein Skofteland frå Norconsult orienterte om silingsprosess og planprogram for Sambandet Vest.

### Saksliste

| Saksnr   | Tittel   |
|----------|--|
| 008/2019 | Tilskot til politiske parti                              |
| 009/2019 | Salsløyve - Sletta Landhandleri                          |
| 010/2019 | Prosjekt- og aktivitetsstøtte - fordeling vår 2019       |
| 011/2019 | Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune |
| 012/2019 | Bruk av rådhuset på Manger i Alver kommune               |

- 013/2019 Inventar til ny barnehageavdeling Solhall
- 014/2019 Kostnadsramme bygging ny Bø barnehage
- 015/2019 Utviding av IKT Nordhordland - kommunalt oppgåvefelleskap, samarbeidsavtale §19
- 016/2019 Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken
- 017/2019 Meldingar og referatsaker
- 018/2019 Sal av kommunale eigedomar Haugland skule mfl.

008/2019: Tilskot til politiske parti

**Behandling:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Radøy kommune sitt tilskot på kr 50.000,- til kommunestyregruppene, vert gjeve med kr 1000,- i grunnstøtte til kvar gruppe og kr 1760,- til per representant i gruppene.

---

009/2019: Salsløyve - Sletta Landhandleri

**Behandling:**

Ordførar Jon Askeland viste til at slike saker normalt skal handsamast i kommunestyret, men at denne saka på grunn av tidsomsyn vert i tråd med reglementet avgjort som hastesak i formannskapet.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) gjorde det klart at ho på prinsipielt grunnlag røystar mot søknaden.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster mot 1 (Else Marie Dale, KrF).

**Vedtak:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-5, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, 3-7, 3-9 gjev formannskapet salsløyve til Sletta Landhandleri AS, org.nr.922377383. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
  2. Salsløyvet gjeld frå 10.05.2019 til 30.06.2020.
  3. Løyvet gjeld på utsalsstaden Sletta landhandleri AS, Hellandsvegen 521, 5939 Sletta
  4. Styrar for løyvet er Rebecca Elisabeth Bjørsvik med Gunta Venge som stedfortredar.
  5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.
  6. Gjeldande salstider, sist gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
  7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av branntilsynet.
- 

010/2019: Prosjekt- og aktivitetsstøtte - fordeling vår 2019

**Behandling:**

Vidar Grindheim (H) informerte om at han er involvert i styret i eit av laga som har søkt om støtte. Formannskapet erklærte Grindheim inhabil, og han deltok difor ikkje i handsaminga av saka.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Følgjande søkjarar får tildelt prosjekt- og aktivitetsstøtte:

|                            |                                  |           |
|----------------------------|----------------------------------|-----------|
| - Nordhordland sykkelklubb | - sykkel-NM for veteranar        | kr 5000,- |
| - Hordabø minikantori      | - konsert m/Bjarte Leithaug      | kr 4000,- |
| - Manger skulemusikklag    | - T-skjorter m/trykk             | kr 5000,- |
| - Hordabø skulemusikklag   | - jubileumsshow                  | kr 7000,- |
| - Nordhordland turlag      | - «Midsommarnatt-tur»            | kr 2000,- |
| - Radøy sogelag            | - nytt opplag «Krigsår på Radøy» | kr 5000,- |
| - Nordhordland Turlag      | - transport elevar Opptur        | kr 2000,- |

Følgjande søknader vert avslegne:

Eikanger Bjørsvik Musikklag - EM-deltaking  
Sogelaga i Radøy, Meland,  
Lindås og Lyngheiseret - kopi av Austfjordbåten

---

011/2019: Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

Behandling:

Ei prosjektgruppe for politisk styringsstruktur og lokaldemokrati, sett ned av fellesnemnda, har hatt som hovudmål å utgreia og koma med framlegg til politisk organisering og struktur for Alver kommune. Kenneth Taule Murberg, som har vore leiar i prosjektgruppa, orienterte om gruppa sitt arbeid og sentrale prinsipp. Han trekte fram ordninga med tapt arbeidsforteneste, satsar for møtegodtgjersle, og fast årleg godtgjersle med utgangspunkt i ordførarløn.

Prosjektgruppa har gjort framlegg om at ordførarløna skal vera 121 prosent av løn til stortingsrepresentant. Det er gjort framlegg om at varaordførar skal ha 50 prosent stilling.

Formannskapet drøfta mellom anna godtgjersle til ordførar, og konkluderte med at den bør vera 100 prosent av løn til stortingsrepresentant. Samtidig ser formannskapet behov for varaordførar i meir enn 50 prosent stilling, særleg i dei første åra. Det vart i drøftinga lagt vekt på at den folkevalde leiinga må vera godt rusta i dialog med den administrative leiinga.

Det vart også reist spørsmål om helsestasjonen (med jordmor) og barnevernet si plassering i den politiske utvalsstrukturen. Formannskapet uttalar at "helsestasjonen med jordmor og barnevernet kan ha spørsmål og tenester som høyrer til utval for helse- og omsorg."

Etter ein grundig gjennomgang sette ordføraren fram følgjande felles innstilling i formannskapet:

Radøy formannskap gjev følgjande innspel til høyringsutkastet. Formannskapet understrekar at dei fleste partia ikkje har handsama høyringa enno, og at det kan koma yttarelegare og andre innspel frå desse fram til vedtak i fellesnemnda.

1. Godtgjersla til ordførar vert sett til godtgjersle for stortingsrepresentant.
2. Varaordførar vert i første perioden sett til minst 60% stilling, med presisering om at dette kan

- vurderast for neste periode, då den første kommunestyreperioden vert viktig og arbeidskrevjande.
3. Godtgjersla til formannskapet bør aukast, då dette organet har stor arbeidsmengd.
  4. Det bør arbeidast vidare med retningslinjer for reisegodtgjersle, kjørebok, tapt arbeidsinntekt, heil/halvdagsmøtegodtgjersle mm. Og kontrollfunksjon for utbetalte godtgjersler.
  5. Det bør utarbeidast retningslinjer for hovudarbeidsoppgåver for varaordførar.
  6. Heile reglementet må justerast og tilpassast gjeldande (ny) kommunelov.
  7. Tidspunkt for spørjetimen bør leggjast til ettermiddag (dersom kommunestyremøtet startar td kl 1200).
  8. Delegering til rådmann skal vera systematisert, men bør ikkje knyttast til eit bestemt system i reglementet.
  9. Framlegg (pkt e) bør normalt handsamast i det påfølgjande møte i vedkomande organ
  10. Det må presiserast at økonomisaker skal til formannskapet, dermed innstiller «fagutvala» til formannskapet i desse sakene
  11. Helsestasjonen med jordmor og barnevernet kan ha spørsmål og tenester som høyrer til utval for helse- og omsorg
  12. Delegasjon til rådmann vil truleg krevja klokskap frå politisk side i tidleg fase, for å unngå utilsikta praksis og forventningar ut frå dagens praksis i dei tre kommunane i dag.

Formannskapet slutta seg til innspel sett fram i møtet.

#### Vedtak:

Formannskapet gjev følgjande innspel til høyringsutkastet. Formannskapet understrekar at dei fleste partia ikkje har handsama høyringa enno, og at det kan koma yttarelegare og andre innspel frå desse fram til vedtak i fellesnemnda.

1. Godtgjersla til ordførar vert sett til godtgjersle for stortingsrepresentant.
2. Varaordførar vert i første perioden sett til minst 60% stilling, med presisering om at dette kan vurderast for neste periode, då den første kommunestyreperioden vert viktig og arbeidskrevjande.
3. Godtgjersla til formannskapet bør aukast, då dette organet har stor arbeidsmengd.
4. Det bør arbeidast vidare med retningslinjer for reisegodtgjersle, kjørebok, tapt arbeidsinntekt, heil/halvdagsmøtegodtgjersle mm. Og kontrollfunksjon for utbetalte godtgjersler.
5. Det bør utarbeidast retningslinjer for hovudarbeidsoppgåver for varaordførar.
6. Heile reglementet må justerast og tilpassast gjeldande (ny) kommunelov.
7. Tidspunkt for spørjetimen bør leggjast til ettermiddag (dersom kommunestyremøtet startar td kl 1200).
8. Delegering til rådmann skal vera systematisert, men bør ikkje knyttast til eit bestemt system i reglementet.
9. Framlegg (pkt e) bør normalt handsamast i det påfølgjande møte i vedkomande organ
10. Det må presiserast at økonomisaker skal til formannskapet, dermed innstiller «fagutvala» til formannskapet i desse sakene
11. Helsestasjonen med jordmor og barnevernet kan ha spørsmål og tenester som høyrer til utval for helse- og omsorg
12. Delegasjon til rådmann vil truleg krevja klokskap frå politisk side i tidleg fase, for å unngå utilsikta praksis og forventningar ut frå dagens praksis i dei tre kommunane i dag.

#### Behandling:

Programansvarleg i Alver kommune har trong for ei rask avklaring av planlagt bruk av rådhuset på Manger, slik at dette kan danne grunnlag for det vidare arbeidet med kontorkabalen i Alver.

Rådmann Jarle Landås orienterte om mogleg framtidig bruk av rådhuset, basert på det som er peika på i ein tidlegare utarbeidd moglegheitsstudie. Dette arbeidet vil bli følgd opp.

Han skisserte mogleg løysing med fleksible kontorarbeidsplassar for utekontordagar i ulike tenesteområde, bibliotek i kombinasjon med innbyggjar-rettleiing, lokale for kulturskule (med øvingsrom) og frivilligsentral, kinosal (kanske med ei lita scene), og det blir også sett på mogleg øvingslokale for korps.

Kva som er mogleg å få til i rådhuset på Manger, vil bli lagt fram til politisk handsaming når rapporten frå dette arbeidet er ferdig.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### Vedtak:

Rådhuset på Manger vert disponert til aktivitetar som er peika på i moglegheitsstudien og fastsett i intensjonsavtalen: kinosal, bibliotek, frivilligsentral, kulturskule, innbyggjarrettleiing, øvingslokale og fleksible kontorplassar. Forprosjekt for bruk av rådhuset på Manger utgreiar kva som er mogleg og hensiktsmessig innanfor desse rammene. Endeleg vedtak om bruk av rådhuset vert fatta i eiga politisk sak.

---

#### 013/2019: Inventar til ny barnehageavdeling Solhall

#### Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### Vedtak:

Kostnadsramme for investering i inventar og utstyr til ny barnehageavdeling på Solhall, prosjekt nr 27135, vert sett til kr 660.000. Finansiering ved bruk av unyttta lånemidlar.

---

#### 014/2019: Kostnadsramme bygging ny Bø barnehage

#### Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### Vedtak:

Kostnadsramme for bygging av ny barnehage på Bø vert fastsett til kr 69.200.000,- inkludert meirverdiavgift.

---

015/2019: Utviding av IKT Nordhordland - kommunalt oppgåvefelleskap, samarbeidsavtale §19

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

1. Radøy kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.
2. Radøy kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre.

---

016/2019: Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Behandling:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betala 50 prosent av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

---

017/2019: Meldingar og referatsaker

Behandling:

Sambandet Vest AS: John Fredrik Wallace frå Meland kommune og planansvarleg Øystein Skofteland i Norconsult orienterte om silingsprosess og utarbeiding av planprogram for Sambandet Vest mellom Radøy, Meland og Askøy. Dei presenterte status og framdrift, og skisserte alternative løysingar.

Planprogrammet kjem til politisk handsaming i Radøy til hausten.

NGIR - endring selskapsavtale: Rådmann Jarle Landås opplyste at Alver kommunestyre skal ta stilling til endring i selskapsavtale til hausten.

Bok om Nordhordlandsbrua: Formannskapet vedtok å gje eit tilskot på 15.000 kroner til nytt opptrykk av boka om Nordhordlandsbrua - med tillegg, i samband med at det er 25 år sidan Nordhordlandsbrua vart tatt i bruk.

Kirkens SOS: Formannskapet vedtok å gje eit tilskot på 5000 kroner til Kirkens SOS.

Trond Mohn Games: Formannskapet vedtok å avslå søknaden om økonomisk støtte til Trond Mohn Games i år.

Torgdagen: Formannskapet vedtok å avslå søknaden om økonomisk støtte til Torgdagen.

Asfaltering: Ordførar Jon Askeland informerte om at fylket i år skal asfaltera Rossnesvegen frå Gradnatun til Rossnes, og strekninga frå Ishuset over Haukåsen til kryss på fv 555.

Sjukefråver - status: Utsett til neste møte i formannskapet.

Fond - reglement: Ordføraren viste til notat frå økonomisjef knytt til verbalpunkt i budsjettet om reglement for kommunale fond. Formannskapet tok notatet til etterretning.

Tilskotsordningar utanom ordinære ordningar: Radøy kommune har motteke fleire søknader om tilskot som fell utanfor dei ordinære ordningane for kulturmidlar, og som det ikkje er sett av midlar til i budsjettet for 2019. Ordførar Jon Askeland la fram ei skisse til ei mogleg søknadsordning der lag/organisasjonar i Radøy kan søkja midlar til ulike investeringar/tiltak, basert på bestemte kriterier. Tilskotsordninga er tenkt som eit eingongstiltak i 2019. Formannskapet slutta seg til ideen, og gav ordføraren i oppdrag å utarbeida eit notat om dette til neste møte i formannskapet.

Kantinedrift Sæbø skule: Rådmann Jarle Landås informerte om at kantinedrifta ved Sæbø skule er avvikla. Det vart brukt ein 70 prosent stilling til kantinedrifta, og dette er ein ressurs rektor har sagt klart frå om at ho ønskjer å bruka i skulen si kjerneverksemd. Men skulen skal framleis legga til rette for fellesmåltid, men ved at elevane sjølv tar med seg mat heimefrå.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

---

018/2019: Sal av kommunale eigedomar Haugland skule mfl.

Behandling:



Formannskapet drøfta saka.

Det var semje om å selja kommunale eigedomar til takst.

Av omsyn til den vidare utviklinga av næringsinteresser i Manger sentrum, vil formannskapet ikkje selja eigedom 45/322 i Manger sentrum.

Formannskapet drøfta også bodedet som er kome inn på gbnr 25 bnr 19 (gamle Haugland skule).

Formannskapet konkluderte med at dei vil selja eigedomen til bodgjevar for takst. Rådmannen får fullmakt til å sjå på grensetilpassing og tilkomst til kommunalt høgdebasseng, som igjen kan gje grunnlag for justering av pris.

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg:

Formannskapet aksepterer at følgjande eigedomar vert selt etter takst: bnr. 24/210 Bøvågen, 24/266 Bøvågen og Gbnr 77/8 Austmarka.

Eigedom 45/322 i Manger sentrum blir ikkje selt.

Bodgjevar på eigedom gbnr 25 bnr 19 får tilbod om å kjøp til fastsett takst.

Rådmannen får fullmakt til å inngå endelege avtalar.

Formannskapet vedtok fellesframlegg sett fram i møtet.

**Vedtak:**

Formannskapet aksepterer at følgjande eigedomar vert selt etter takst:

bnr. 24/210 Bøvågen, 24/266 Bøvågen og Gbnr 77/8 Austmarka.

Eigedom 45/322 i Manger sentrum blir ikkje selt.

Bodgjevar på eigedom gbnr 25 bnr 19 får tilbod om å kjøp til fastsett takst.

Rådmannen får fullmakt til å inngå endelege avtalar.

---